


Misjonsdiakoni i 80-åra

Håkon Mannsåker Fjose som har skrevet denne kronikk, er utdanna diakon og har religionshistorie grunnfag. Reiste til Madagaskar i teneste for Det Norske Misjonselskap i 1969 og er for tida på heimeopphald i Norge.



Av Håkon Mannsåker Fjose

Kva er misjonsdiakonien sin plass i dagens misjonsteologi, og misjonspraksis? Det kan sjå ut som om fundamentet vaklar. Ein periode er forbi, seier nokon. Her i Norge diskuterer ein diakonisyn, og uvisse om diakonien sin plass i misjonen vert i alle fall ikkje mindre. Den siste boka i diakonidebatten levnar vel eigentleg svært liten plass til ein misjonsdiakoni.

Men budskapen vi skal gå ut med er den same. Dei 2,3 milliardar ikkje-kristne er der enno. Misjonstida er ikkje forbi. Vi er ikkje komme til slutten, ikkje til byrjinga av slutten, men til slutten av byrjinga i misjonstida. Og dei fattige er alltid hjå oss, dei sjuke er alltid hjå oss. Kva gjer me med dei? Ein stor prosent av dei 2,3 milliardar ikkje-kristne menneske i dag er sjuke og fattige menneske. Evangeliet er truverdig, korleis skal vi handla så evangeliet vert truverdig for dei?

Kai Ingolf Johannessen set i «En bok om kirkens diakoni» opp tre forskjellige diakonisyn:

1. Kristosentrisk diakonisyn
2. Sosialetisk diakonisyn
3. Menighetsretta diakonisyn

Sosialetisk diakonisyn tek gjerne sitt utgangspunkt i den første trusartikkelen og ser på diakoni som nestekjærleiksgjerningar i samfunn eller kyrkje. Det menighetsretta diakonisyn er ein reaksjon på dette, og tenderer mot å seia at diakoni er kyrkjeleg søskenomsorg. Første alternativ vert av Kai Ingolf Johannessen nærmast forkasta som avleg. Og det

kan no vera rett at det er langt mellom pietistiske teologar i vår tid. Men som basis for ein teologi om misjonsdiakonien ser det kristosentriske, eller det pietistiske syn ut til å vera det beste, i alle fall betre enn det sosialetiske eller det menighetsretta diakonisynet. Det kan vel ha sin grunn i at eg føler ein viss uvilje mot å saga av den greina eg sit på. Store deler av misjonsarbeidet oppstod, og står vel ennå i den pietistiske tradisjonen, og Diakonhjemmet blei jo òg stifta av Lutherstiftelsen i si tid. Kva er så kristosentrisk diakonisyn? Jau, Kai Ingolf Johannessen set opp fylgjande:

1. Diakonien har ei sterk Bibelforplikting.
2. Diakonien er sterkt sentrert om ei personleg kristen tru.
3. Diakonien er i alt vesentlig kyrkjeleg, det er kyrkja sitt omsorgsarbeid.
4. Kristen diakoni er ikkje berre medmenneskegdom, men uttrykk for Guds kjærleik, slik den kjem til uttrykk i Kristus.
5. Diakonien er ei side av Jesu proklamasjon av Guds rike.
6. Diakoni og misjon er to sider av samme sak.

Mot dette står det sosialetiske og det menighetsretta diakonisyn, og det kan vera mykje rett i dei begge. Men begge er i realiteten situasjonsbetinga syn, og svar på forskjellige uheldige utviklingar, ved Diakonhjemmet, og i samfunnet elles. Men som Ibsen seier: «Når utgangspunktet er galest blir resultatet titt originalest».

Det er ei indre sprengkraft i evangeliet, det vert teke imot av

kyrkjelyden, men det skal ikkje stansa der, det skal ut til alle. Evangelia er fulle av forteljingar om korleis Jesus sprengjer grensene. Han set ei middagsstund ved ein brunn i Samaria, han godtek at hundungane under bordet et saman med Israels born, han lækjer son av ein kaptein i okkupasjonsmakta. Og Apostelgjerningane og brevlitteraturen er faktisk soga om korleis evangeliet braut seg rom ut or isolasjonen hjå dei heilage.

Terje Ellingsen spør i sin kritikk av Lars Østnor si bok «Kirkens tjenester» i Luthersk Kirketidende nr. 14/78 om «selve utgangspunktet er galt... (det er) noe i NT som ikke kommer til orde».

Kritikken er diverre aktuell for fleire enn Østnor, også det menighetsretta diakonisyn slik som det vert forfekta i «En bok om kirkens diakoni», lir av same mangel. Det er rett at diakonien må ha sitt åndelige feste i kyrkjelyden. Det er kyrkja sin diakoni. Men med eit solid feste i Ord og Sakrament er kyrkjelyden kalla til å tena, ikkje berre seg sjølv, men også dei utanfor. Kristi kjærleik, og kristen nestekjærleik kjenner vel eigentleg ikkje grenser? Isolerer vi diakonien til dei som er godt og vel tryggja innanfor saue-kveda, då gjer me vald mot noko av det som Kristus lærde oss, då er det «noe i NT som ikke kommer til orde». Det er greitt at vi skal hjelpa «mest dei som høyrer trua til», det er eit greitt arbeidsprinsipp, men vi skal ikkje gjera det til eit nytt dogme det å gå forbi, og frimodig overlata jobben til samaritanane. I det heile saknar eg noko av spensten, noko av vil-

jen til å bryta ut or isolasjonen i mesteparten av det som vert skrive om diakoni. Og det er ekstra beklageleg sidan diakonien burde vera ein reiskap i kyrkja si hand, til å nå ut or kyrkja sitt rom.

Kyrkjesoga er soga om korleis eit jordnært evangelium forståeleg for arbeidar og bonde, gradvis er blitt intellektualisert. Kyrkjesoga er soga om korleis Den Heilage Ande må skapa seg nye strukturar, der mennesket vert respektert som noko meir enn eit åndsvesen.

Kyrkjeorganisasjonane kom ofte forholdsvis fort i stand, ofte med eit hierarki, for å stå med ordningane med Ord og Sakrament. Lat oss kalla det ein vertikal struktur, sidan det ofte har ordna seg med ein leiari på toppen, og ei gradvis delegering av autoritet nedover, til den vanlege kyrkjegjengar på botnen av stigen.

Men i tillegg til dette har vi fått horisontale strukturar i kyrkja for å ta seg av nye arbeidsoppgåver som den vertikale struktur ikkje har rådd med, eller ikkje har fått tid til. Dei sju grekarane i Akta 6 var vel det første eksempel på ein slik horisontal struktur. Dei skulle hjelpa til ved borda, sidan enkjenne ikkje fekk den hjelp dei burde. Dei er ikkje direkte kalla diakonar i Akta 6, men er tydelegvis modellen for dei seinare diakonane, som vart underordna bispen og var hans representant i arbeidet, spesielt for dei fattige, men også hans medarbeidar ved nattverden. Om lag år 250 kjem det inn ei ny sterk gruppe, presbyterianarane, som tek over biskopen som sin overordna og skyv diakonen ut i periferien. Men diakonana hadde vel eigentleg blitt dregne inn i den vertikale strukturen, i stor grad forlete sine oppgåver i omsorga for dei svakaste og blitt underordna liturgar.

Men det hadde alt lege horisontale strukturar på lur. Munkevesenet hadde teke over store deler av grasrotkontakten i det diakonale arbeidet. Diakoni og misjon er karakteristiske kjennesteikn ved desse lette, mobile nye styrkane, munkeordnane som overtok my-

Forts. s. 12

Refleksjoner

Misjonsdiakonen Aksel Aarhaug har levd store deler av sitt liv som misjonær i Cameroun. Han er nettopp kommet hjem fra korttidsperiode (2 år) og Diakonos har bedt han om noen refleksjoner ved hjemkomsten.



Misjonærens psykiske helsetilstand er blitt sterkt fokusert i det siste. Det ser ut for at misjonæren av i dag har større psykiske påkjenninger enn før, og de mestrer dem mindre. Vårt velferdssystem og hele vårt utdannessystem baner veg for en slik utvikling. Tidsånden gjør seg mer og mer gjeldende, og en lar seg prege av den, ofte helt utbevisst.

Men det er en side av denne saken som ikke er blitt berørt, og det er: Hvordan reagerer misjonæren når han kommer tilbake til Norge, etter flere år ute?

For det første er det litt av et sjokk å komme hjem til Norge midt i julestria. Hvor ofte er jeg ikke blitt møtt med: «Er det ikke deilig å kome hjem igjen?». Så står en der rent forknytt, for det er så mange ting her hjemme som jeg ikke synes det er så deilig å komme hjem til. En vil heller ikke være uhøflig, og så svarer en helst unvikende. Og om en så en sjelden gang prøver å gi uttrykk for det en ser, hører, leser, føler og opplever, så blir en vanskelig forstått. Kan det være noe bedre sted å være i enn Norge da?

Personlig må jeg bare konstatere at for mitt vedkommende var det verre å komme hjem denne gangen enn noen gang før. Og det er visselig sjette gangen det skjer. Det høres sikkert merkelig ut for mange når jeg sier at det er en større vanskelighet å komme hjem fra misjonsmarken etter vel to år ute, enn det var å komme ut igjen etter åtte år. Hvorfor? Jo, fordi alt forandrer seg så fort her hjemme, og selv om en har fulgt godt med i aviser så blir det å oppleve det alt sammen overveldende. En kom hjem til store avisoverskrifter og mediaoppslag i dagevis om video-vold og porno. Det snakkes om dårlig råd, og folk handler som aldri før selv om handelsfolkene sier noe annet. Pengene i kassaapparatene klinger til jazz-modulerte julemelodier. Dette at alt er lagt opp til mest mulig kjøp. Ting som er unødvendig, men som øker kjøpelysten. Denne stadige jakten etter noe mer. Beinhard materialisme preger så mange, og det langt inn i de kristnes rekker! Dette gjør inntrykk! Sannelig, i dag er det ikke bare Afrika-sjokket og Østen-sjokket som melder seg for misjonærene, men i stigende grad også det sjokk som det er å komme hjem. En kommer fra en åndelig og legemlig nød til et overflodsamfunn hvor en har alt, unntatt harmoni og sjelefred. Mange misjonærer opplever dette dobbelte «kultursjokk», ute og hjemme. Det er to vidt forskjellige verdener. En opplever så velferdssamfunnet med alle goder og fordeler — og mangler i grelle farger. Bak det alt sammen opplever en velferdsstatens nød.

Her er det noen spørsmålstillinger jeg må få komme med: Hvordan kan det være at det norske folk som har det så godt på tross av alt er så utakknemmelig? Hva kan det være som rir oss at vi aldri får nok?

Forts. s. 11

Misjonsdiakoni...

Forts. fra side 5

kje av det arbeid det meir tungroddde og stive hierarkiske systemet ikkje greidde. Det var munkeordnane som evangeliserte Norden, og dreiv store delar av kyrkja sin diakoni i mellomalderen. Luther heiv barnet ut med vaskevotnet, seier misjonshistorikaren Ralph Winter. Og kor me enn ser på reformasjonene, så førde den til eit tilbakesteg for både diakoni og misjon. Først i pietismen nådde kyrkja att sin gamle styrke på desse to områda. Både misjonsorganisasjonar og diakoninstitusjonar er eksempel på slike horisontale strukturar. Dei er oppretta for å nå lenger ut, kvar på sin måte. Eg ser på desse som uttrykk for kyrkja sin aktivitet, dei er det nokon har kalla subkyrkjelege strukturar. Desse bør respekterast som former for kyrkja sitt liv, dei bør få halda på sin integritet, sitt sjølvstende, og sin avstand til kyrkja.

Men det er ein tydeleg tendens til at kyrkja som vertikal struktur, hierarkiet, det kyrkjelege organ som skriv navnet sitt med store bokstavar, vil trekkja dei horisontale strukturar inn i seg. Kyrkja vil på ein måte famna dei lette, mobile styrkane og freista å få dei inn i sitt system. Den vil bli straumlinjeforma og kvitta seg med «utvekslane». Så utgir KV sitt temahefte om misjon og kallar det «Mission without Missions», og diakoniteologane arbeider i same retning når dei vil trekkja diakonien inn i kyrkjelyden, og la den arbeida i det kyrkjelege rom. Alf B. Oftestad har vurdert heilt rett når han seier «Mens presten representerer det stabiliserende står diakonien for det dynamiske i menighetens liv». En bok... s. 408.

Men som arbeidar i dei horisontale strukturar ville eg setja pris på om diakonen fekk lov å arbeida ute i periferien, som ein kyrkja sin representant der Ord og Sakrament har dårlegaste kår. Ein slik kjempande diakoni er mogeleg om berre sambandslinene innover til sentrum i kyrkja sitt liv er sterke nok. Lat soknediakonen gå rundt

med vinen, det er greitt nok det, og i tråd med dei eldste tradisjonane i kyrkja. Men lat han likevel få fungera som ein arbeidar i ein horisontal struktur, det er hans eigenart. Med andre ord: Lat han vera ein kyrkja sin representant mellom dei ikkje-kristne. Og lat oss prøva å respektera dei andre horisontale strukturane òg, og lata dei få ha sitt sjølvstende, utan på liv og død å måtta trekkja dei inn i den vertikale struktur, inn i kyrkja med stor K. Dei er likevel ein del av Kyrkja, og bør respekterast som det.

J. Verkuyl drøftar i sin «Contemporary Missiology» den helbredande kyrkjelyd og seier: «Helbredande kyrkjelyd betyr heller det at heile kyrkjelyden må streva etter å bli eit rett menneskeleg fellesskap der medlemmene er opptekne av helsa og velferd åt hvarandre». Dette utsagnet set han opp som målet for ein kyrkjelyd på det diakonale plan. Sidan misjon er å planta nye kyrkjelydar, bør også misjonsdiakoni ha som sitt siktemål å arbeida mot tenande kyrkjelydar der den gjensidige diakoni har gode vokstervilkår.

I den historiske situasjon som misjonen vart til i, med liding og naud, var det rett å satsa på medisinske hjelpetiltak av ymse slag. Det var på ein måte «vår» diakoni overfor «dei». Og som representantar for eit truverdig evangelium hadde vi ikkje noko valg, vi måtte fram med våre salvekrukker. Men i vår tid står vi ikkje åleine lenger, vi har fått nasjonale medarbeidarar, og kyrkjeleiarar ved vår side. Våre problem er blitt deira problem, og no er det blitt deira problem å presentera eit truverdig evangelium. Difor må vår diakoni bli erstatta av deira diakoni, ein diakoni som er kontekstuel, i tråd med deira kulturelle og teologiske tradisjonar. Ei direkte overføring av ein norsk diakoni ville bli eit framandelement i eit nytt miljø. Vi har overført mange diakonale drivhusplanter til dei unge kyrkjene, nokon vil kanskje døy, og andre vil vel forandra seg så dei kan leva i eit nytt miljø.

Men sjølv utgangspunktet er at det skal vera den nasjonale kyrkja sin diakoni, og den bør få ei slik form at den kan praktiserast av

nasjonale kristne, utan hjelp utanfrå. Eg vil då ta fram Madagaskar som eksempel sidan eg har mi misjonærerfaring derifrå. Korleis kan diakonien utvikla seg til ein sjølvstendig, kulturell stadeigen diakoni på Madagaskar?

Vekkingsfolket har alt utvikla sine former for diakoni. Dei har sine vekkingsbyar, toby'ar der dei tek imot demonbesatte, sinnssjuke, epileptikarar, vanføre, foreldre-lause osv. Toby'ane kan ha frå eit par til 150 klientar i si varetekt. Det veks stadig opp nye slike diakoninstitusjonar, og det finst minimum 30-40 slike no. Medisinsk behandling kan det vera så som så med, dei har ikkje medisinsk sakkynndig pleiepersonell. Minst ein gong i veka har dei demonutdriving for dei som er besatte, og ofte vert også andre med som ikkje er plaga av nettopp det. Etterpå er det hands-pålegging og forbøn for dei som kjem fram og kneler framfor hyrdane, medan kyrkjelyden syng.

Medisinsk sett har nok hyrdane mykje å læra. Men kjærleiken til sine medmenneske har dei. Dei lever i eit diakonalt miljø og har ofte eit diakonalt sinn. Vi har hatt eit par korte kurs for dei i praktisk sjukepleie, og ei enkelt tilrettelegging av ein teologi om diakonien. Dei har vist seg å vera svært mottakelege, og grip entusiastisk både teorien og den praktiske tilrettelegginga. Dei har allereie eit års bibelutdanning bak seg før dei vert innvidde som hyrdar. Neste steg bør bli ei eittårig utdanning i praktisk sjukepleie.

Hyrdane er alt frivillige arbeidarar utan løn og vil, vonar eg, gå attende til ei frivillig teneste. Både vekkings-sentra, toby'ane, og kyrkjelydane bør ha slike frivillige diakoniarbeidarar. Nokre av dei sterkaste kyrkjelydane kan gi dei eit økonomisk vederlag for tenesta dei gjer. Men «menighets-hyrdar» eller menighetsdiakonar bør ikkje vera avhengige av den økonomiske støtte dei får. Staten har allereie ei kort hjelpepleie/sjukepleieutdanning for folk med realskuleeksamen. Etter utdanninga får desse jobb som sjukepleiarar ute i landsbyane underlagt landsbyrådet.

Hyrdar med nok forkunnskapar og eitt-årig sjukepleieutdanning kan konkurrera med desse, og kan bety ei fantastisk etisk, menneskekjærlig opprustning i eit land der teknikken i sjukepleie vert vurdert høgare enn etikken. Kyrkja har her noko svært verdifullt å gi det gassiske samfunn.

Som lokale diakoniarbeidarar kan desse hyrdane utvikla diakoniatet i kyrkjelyden på ein mykje betre måte enn kulturframande misjonærar med tung vesteuropeisk ballast.

Den gassiske kyrkja har alt ei sjukepleieutdanning, tre-årig, ved amerikanske misjonærar. Men dei vert rekrutterte etter eksamensresultat frå realskule og gymnas, og har ikkje den åndelege ballast som skal til for å byggja opp ein gassisk diakoni. Som lærarar i sjukepleie kan nok ein del av dei vera bra. Men hovedtyngda i deira utdanning ligg på teknikk, ikkje på etikk, som for andre gassiske sjukepleiarar.

Ein misjonsepoke er forbi, då misjonshospitalet var det einaste som hadde hjelp for sott og sår. Kva vert misjonshospitalet si oppgåve i framtida? Vil det døy som ein drivhusplante i eit nytt, og litt barskare klima? Nei, eg tru ikkje

det førebels. Også gassiske ungdomar reiser på universitet og utdannar seg som legar, i Paris, Moskva eller Tananarive. Ein del av desse er kristne. Og ei gruppe kristne legar i Tananarive ber faktisk i desse dagar om pengar til eit nytt kristent hospital. Drifta skal dei klara sjølve, det skal vera sjølvfinansierande. Eit misjonshospital som før vart drive av legemisjonærar vil truleg også kunna drivast av nasjonale legar, om det ikkje ligg altfor langt utanfor allfarveg.

Men kyrkja sitt hospital bør ha eit vidare sikte, det bør setjast inn i tenesta for å opplæra nye generasjonar i diakoni, både spesiell menighetsdiakoni, og for arbeidarar i det offisielle omsorgsapparat. Kyrkja har ei stor oppgåve i å læra dei båe opp, også i ei ny søsterkyrkje.

Ein misjonsepoke er forbi, vi har arbeidt i ikkje-kristne folkegrupper og sett unge kyrkjer veksa fram. I dette arbeidet har misjonsdiakonien vore ein integrert del. Hospitalet vi der bygde bør:

1. verta utdanningsinstitusjonar i diakonisektoren.
2. overtakast av nasjonale diakoniarbeidarar.

Men vi har eit uendra oppdrag til å gå inn til nye folkegrupper med

evangeliet. Dit må vi ta vår diakoni med oss. Utan diakonien er ikkje evangeliet truverdig for dei. Utan diakonien har vi vikla oss inn i ei intellektuell kristendomsforståing som har fjerna seg ganske mykje frå den apostlane hadde.

LITTERATURLISTE:

Hva med misjonshelsetjeneste? Live Hovland, Trygve Øverby, Oslo 1979.

O. G. Myklebust: Misjonskunnskap, side 207-238. Oslo 1976.

Lars Østnor: Kirkens tjenester. Oslo 1978.

Alf B. Oftestad: En bok om kirkens diakoni. Oslo 1980.

Øve Hestvold: Diakoni i dag. Stavanger 1971.

J. Verkuy: Contemporary Missionology, Grand Rapids 1978.

Olav Myklebust: Teologiske premisser for organisering av diakonien, Oslo.

Helge Gudmundsen: Diakonien, dens plass og oppgaver i menigheten, Stavanger 1971.

Let the Earth hear his Voice, Minneapolis 1971.

Nytt synspunkt nr. 1/76. Misjon og kirkevekst.

Henrik Kramer: Lekfolket og kirken, Oslo 1961.

LEDIGE STILLINGER

HAMAR KOMMUNE

SOSIALKURATOR

Ved Hamar sosialkontor er det for snarlig tiltredelse ledig 1/2 stilling som sosialkurator, stillingskode 7168.

Arbeidet omfatter oppgaver innen hele kontorets arbeidsområde, med hovedvekt på klientarbeid. Stillingen ønskes fortrinnsvis besatt av sosionom eller barnevernspedagog.

Hamar kommune vil være behjelpelig med å skaffe leilighet.

Stillingen lønnes etter lønnstrinn 13 i det offentlige regulativ, stigende til lønnstrinn 17 etter 8 års ansiennitet, årslønn kr. 36.910,- 43.816,- for halv stilling.

Krav om å bli tilstått lønnsansiennitet må framsettes i søknaden.

Kommunale pensjonskasse med 2 % medlemsinnskudd.

Tilfredsstillende helseattest må framlegges før tiltredelsen.

Ansettelse skjer for øvrig på de vilkår som framgår av lover, reglement og gjeldende tariffavtaler.

Nærmere opplysninger om stillingen fås ved henvendelse til sosialsjefen i Hamar, telefon (065) 27 660.

Søknaden vedlagt attester og vitnemål sendes rådmannen i Hamar, innen 20.2.81.